

Fra: Fagerheim Siri Merethe
Sendt: 30. oktober 2013 12:03
Til: 'Kåre Fosse'
Kopi: 'Agnar Fosse - Bystøl AS'; 'Finn Oldervik'; Andersen Ellen Flåhagen
Emne: Mundalselvi kraftverk - nesten klar for trykking

Hei,

Takk for oppdaterte utgåver av søknad og BM rapport. Dei aller fleste manglane ved søknaden og vedlegg er no retta opp.

Før de sender 12 eksemplar av søknaden til NVE ber vi om vi om at de rettar følgjande:

- 3.4: Her syner de til vedlegg 2 i BM rapporten for verdikartet. Verdikartet er ikkje der, men er limt inn som fig. 5 på side 8 i BM rapporten. Kartet der syner framleis ikkje alternativ plassering av kraftstasjon. Det er vist til under tabell 1 på s. 32 at alle lokalitetar som er nemnt i tabellen er merka av på kartet i vedlegg 2 i BM rapporten, men det er det ikkje. Vandringshinder manglar på kart. Sørg for at det er samsvar med figurtekst, henvisning til figur og sjølve figuren.
- 3.5: De viser til verdikart for å sjå vandringshinder, men det er ikkje avmerka. Kan godt oppgi kva kote endeleg vandringshinder er og så vise til fiskerapport for ytterlegare info.
- Fyll ut skjema for klassifisering av dam og trykkrøyr og legg ved!
- Søknadsbrevet må ha rett dato og underskrift.
- Sjekk nøye at tal i samandraget og hovuddatatabell er konsekvente i resten av søknaden.

NVE treng følgjande i forbindelse med kunngjering og høyring

- Kontaktinformasjon (namn, e-post og telefonnummer) som høyringspartane kan vende seg til for å få papirkopi av søknaden. (Dette er informasjon som blir offentleggjort på internett.)
- Fakturaadresse for betaling av kunngjeringsannonse
- Elektronisk versjon av endelig søknad saman med alle vedlegg (samla i ei fil) skal sendast til NVE for arkivering (pdf-format) (nve@nve.no). Fullstendig utfylte skjema for dammar og trykkrøyr og for hydrologi skal òg ligge ved e-posten, men som separate dokument.

Vi ber om at de sender inn elektronisk og trykte eksemplar så snart som mogleg, og **seinast innan onsdag 6. november.**

Dersom de har spørsmål er det berre å ta kontakt!

Mvh,

Siri Merethe Fagerheim
avdelingsingeniør
Konsesjonsavdelinga
Seksjon for småkraftverk (KSK)

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Telefon 09575 eller direkte 22959175
E-post nve@nve.no eller direkte smf@nve.no

Web: www.nve.no